

# Læringsverkstedet

BARNEHAGER



Lekende læring,  
samspill  
og mestring

## Vedtekter

## Innhold

VEDTEKTER .....	3
1. Formål .....	3
2. Formål og forvaltning .....	3
3. Barnehagens areal .....	4
4. Opningstid .....	4
5. Ferie .....	4
6. Betaling .....	4
7. Opptak .....	5
8. Måltid .....	6
9. Kle .....	6
10. Ansvar .....	6
11. Sjukdom .....	6
12. Arbeidsform .....	7
13. Samarbeid .....	7
14. Internkontroll .....	7
15. Styrar/ personale .....	7
16. Politiattest .....	8
17. Teieplikt .....	8
18. Opplysningsplikt .....	8
19. Misleghald .....	8
20. Endringar av vedtekter .....	8

## VEDTEKTER

### Læringsverkstedet Eid barnehage, i Eid kommune/ nye Stad kommune

#### 1. Formål

Formål er i samsvar med «Lov om barnehage» §1:

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering»*

Barnehagen vert driven i samsvar med:

- Lov om barnehage, og til ei kvar tid gjeldande føresegner og retningslinjer utarbeidd av Kunnskapsdepartementet
- Rammeplan for barnehagar
- Årsplan/ verksemdsplanar for barnehagen
- Lov om internkontroll og barnehagens egne sikkerheits-/ internkontrollrutinar
- Føresegn om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Vedtak gjort av eigarstyret

#### 2. Formål og forvaltning

Læringsverkstedet Eid barnehage er eigd og driven av Læringsverkstedet AS.

Barnehagen har eit samarbeidsutvalg (SU) som består av 2 representantar frå foreldra og 2 representantar frå dei tilsette i barnehagen. Planer og saker som rører ved barnehagekvardagen vert lagt fram for SU.

Foreldrerådet (FR) består av foreldre/ føresette til alle borna i barnehagen.

Foreldra sitt arbeidsutval (FAU) består av ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling, vald av FR.

### 3. Barnehagens areal

Kunnskapsdepartementets rettleiande norm for netto leke- og opphaldsareal er 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år og 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år. Barnehagen er godkjent for barn frå 0 - 6 år i samsvar med eit netto leke- og opphaldsareal på 337m<sup>2</sup>, i samsvar med Barnehagelova. Netto uteleikeareal er ca. 4268 m<sup>2</sup>.

### 4. Opningstid

Barnehagens opningstid er kl. 06.45 – 17.00, måndag – fredag. Alle born skal vere henta og ute av barnehagen innan kl.17.00. Dersom barnehagens opningstid ikkje vert halden kan det medføre tap av plass/ oppseiing av plass. Borna må følgjast inn kvar morgon og hjelpast med å kle av seg.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julaftan og nyttårsaftan er det stengt. Eigarstyret kan vurdere å halde barnehagen stengd i høgtider og skuleferiar. Barnehagen er stengd 5 planleggingsdagar gjennom barnehageåret. Nærare beskjed vert gjeven i god tid.

### 5. Ferie

Barnehagen er open heile året. Likevel vert det stilt krav om at alle born har ferie saman med sine foreldre/ føresette. Alle born skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret (15.08.-14.08. året etter). Tre av vekene må takast samanhengande, fortrinnsvis i juli. Den siste veka må òg takast samanhengande og meldast til barnehagen i god tid slik at bemanninga kan justerast i samsvar med behov. Dersom barnet har fri frå 23. desember til 2. januar og heile påska, reknast det som ei ferieveke. Foreldra skal, så snart som mogleg i april, gje melding om når borna skal ha sommarferie, og seinast innan 25. april. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeidar styrer ferieliste for personalet og plan for sommar drift av barnehagen.

### 6. Betaling

Forfall er den 10. i kvar måned, gjeldande for inneverande måned. Det betalast for 11 månader per barnehageår (15.08.-14.08. året etter). Juli er betalingsfri måned. Betalinga skal skje via avtalegiro. Manglande foreldrebetaling utover ein – 1 – måned kan medføre tap av plassen.

Læringsverkstedet sine barnehagar følgjer «Lov om barnehager» med «Forskrift om foreldrebetaling i barnehagen» i samsvar med føringar for makspris og moderasjonsordningar. For informasjon om gjeldande ordning med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid – sjå den enkelte kommunes heimeside.

Kostpenge kjem i tillegg til ordinær foreldrebetaling. Sjå barnehagens heimeside for oppdaterte prisar.

## 7. Opptak

1. Det vert gjennomført samordna opptak for dei private og kommunale barnehagane i Eid kommune/ nye Stad kommune. Opptak skjer i tråd med «Lov om barnehager» § 12 med tilhøyrande føresegn. Søknad om opptak skjer på fastsett skjema, og vedlagt naudsynt dokumentasjon. Barnehagen tildelar sjølv plassane innanfor samordna opptak i kommunen.

2. Opptakstid:

Born som takast opp i barnehagen har plass fram til skulepliktig alder, eller til plassen vert sagt opp av foreldra/ føresette eller så lenge barnehagen er i drift. Plassen må seiast opp med ein – 1 – månads varsel, rekna frå den 1. i månaden.

NB: Dersom plassen vert brukt etter 1. mai, må det betalast for plassen ut barnehage-året, dvs. oppseiinga må vere sendt seinast 1. april. Unntak: Dersom plassen kan overtakast av eit anna barn, kan plassen seiast opp med ein – 1 – månads varsel.

Barnehageåret er perioden frå og med 15. august til og med 14. august året etter.

Signert kontrakt for barnehageplass viser plassprosent barnet er tildelt i barnehagen. Plassen kan berre disponerast per dagar, og kan ikkje fordelast på kortare dagar. Det er ikkje mogleg å seie opp deler av ei kontrakt. Ynskjer ein endring i opphaldstid (for eksempel redusert plass), kan ein søke om dette. Endringssøknadar vil vere med i vurderinga styrar gjer ved eventuelle endringar i barnegruppa.

3. Opptakskrets:

Opptakskretsen er born busett i Eid/ nye Stad kommune. Opptakskretsen er likevel utvida ved opptak av born av tilsette. Born av tilsette skal prioriterast etter born med lovbestemt rett til prioritet, uavhengig av kva kommune ein bur i.

Dersom barnehagen ikkje får fylt opp barnehageplassane etter bestemminga over, vil det vurderast å ta inn born frå andre kommunar.

4. Opptakskriterium:

- a. Born med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne («Lov om barnehager» §13 1. ledd).

Born som det er fatta vedtak om etter «Lov om barneverntjenester» §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage (Lov om barnehager §13 2. ledd).

- b. Born av tilsette i Læringsverkstedet.
  - i. Born av fast tilsette
  - ii. Born av tilsette i lengre vikariat
- c. Søsken av born som har plass i barnehagen
  - i. Søsken av born i same barnehage
  - ii. Søsken av born i andre av Læringsverkstedets barnehagar
- d. Born som søker overflytting frå ein annan Læringsverkstedet-barnehage
- e. Dei resterande barnehageplassane vert fordelt etter barnehagens vurdering (barnegruppas samansetjing og alder) blant born i aktuelle årskull.
  - i. Søkjarar som har Læringsverkstedet Eid barnehage som 1. prioritet.
  - ii. Andre søkjarar

Dersom søkjarar stiller likt innan dei ulike kriterier, vert det avgjort ved loddtrekning.

## 8. Måltid

Born som skal ete frukost i barnehagen (før kl. 9.00) tek med seg mat til dette. Dei får drikke. Barnehagen kjøper inn drikke, frukt og mat til 2 måltid (ca. kl. 11.00 og ca. kl. 14.00) kvar dag.

Læringsverkstedet har fokus på sunt kosthald.

## 9. Kle

Kle og fotty må vere merka med namn. Borna må alltid ha med ekstra skift. Sjå liste på plassen til barnet over kva kle/ fotty barnet treng å ha i barnehagen. Borna må ha med lette sko eller tøflar til innebruk.

## 10. Ansvar

Borna er ulykkesforsikra heile døgnet, òg utanom barnehagens opningstid. Ta kontakt med barnehagen for informasjon om forsikringsvilkår.

Barnehagen si innbuforsikring dekker berre forsikringstakars eigendelar. Ei utviding av forsikringa til å dekke bornas eigendelar, ville medført ein uforholdsmessig høg eigenandel per forelder/ føresett som overstig ein sannsynleg verdi på ty/ eigendelar ein tek med i barnehagen. Barnehagen er derfor ikkje ansvarleg for medbrakte eigendelar ved eventuell skade/ brann/ tjuveri. Forsikringsopplysingar kan gjevast av eigarane.

## 11. Sjukdom

Alle foreldre/ føresette skal levere «Erklæring om barnets helse» før oppstart i barnehagen, jmf. § 23 om helsekontroll i «Lov om barnehager».

Born som har vore sjuke om natta (f.eks. oppkast, diaré, feber eller symptom på annan sjukdom) skal haldast heime. Ved barnesjukdomar eller teikn til andre smittsame sjukdommar, må barnet haldast heime, og barnehagen skal varslast om sjukdomen.

Dersom born vert sjuke i løpet av dagen, må foreldra/ føresette hente dei.

Ved fråver må det meldast ifrå til barnehagen før 09.30 om morgonen.

## 12. Arbeidsform

Barnehagen skal vere ein stad som stimulerer bornas læringslyst gjennom leikprega aktivitetar. Opplegget tar sikte på å trene opp bornas konsentrasjon, motorikk, språk, sosiale kompetanse, sjølvstendigheit og fantasi. Det vert lagt stor vekt på utandørs aktivitetar og turar. Barnehagen vil leggje til rette for at aktivitetane passar for dei forskjellige alderstrinna og tek omsyn til det enkelte barn.

## 13. Samarbeid

Barnehagen ynskjer å ha ein nær og god kontakt med den enkelte heim. Foreldre/ føresette er velkomne til å besøke barnehagen for å sjå korleis vi arbeidar, eller å snakke med personalet.

## 14. Internkontroll

Barnehagen har internkontroll som til ei kvar tid følgjer gjeldande retningslinjer, lover og føresegner.

## 15. Styrar/ personale

### 1. Tilsetjingar:

Barnehagens styrar vert tilsett av eigarstyret. Læringsverkstedet følgjer «Lov om barnehager» § 17 og § 18 med tilhøyrande føresegn i høve utdanningskrav og bemanningsnorm. Styrar representerer barnehagens eigarar, og er barnehagens daglege, administrative og øvste pedagogiske leiar. Styrar rapporterer til SU og eigarstyret.

Anna personale vert tilsett av eigarstyret etter innstilling frå styrar.

Læringsverkstedet har månadlege fagdagar for dei barnehagetilsette. Det vert òg gjennomført månadleg samling for styrarane frå Læringsverkstedets barnehagar. I tillegg deltek tilsette på interne og eksterne kurs.

### 2. Instruks:

Instruks for styrar og anna personale vert fastsett av eigarstyret i barnehagen.

## 16. Politiattest

Politiattest må leggjast fram før tiltreding i stillinga, jmf. «Lov om barnehager» § 19.

## 17. Teieplikt

I følge § 20 i «Lov om barnehager» har alle som arbeider i barnehagen teieplikt. Eigarane har òg teieplikt.

## 18. Opplysningsplikt

I følge § 21 og 22 i «Lov om barnehager» har alle som arbeider i barnehagen plikt til å gje bistand til sosialtenesta og barnevernstenesta, og har av eige tiltak plikt til å gje opplysingar til sosial- og barnevernstenesta dersom desse instansar bør gjennomføre tiltak til gunst for born i barnehagen.

## 19. Misleghald

Dersom foreldre/ føresette, som har barn i barnehagen, bryt eller let vere å følge barnehagens vedtekter, retningslinjer og bestemningar, kan eigarstyret vedta at barnet mister plassen. Det same gjeld ved uregelmessig betaling, eller dersom foreldre/ føresette har uteståande foreldrebetaling på 1 måned eller meir.

Når omsynet tilseier det kan eit barn, i særlege tilfelle, flyttast til ein annan barnehage eller bli sagt opp. Før det blir gjort vedtak om å flytte/ si opp eit barn skal det vere prøvd andre tiltak. Tiltaket skal vere drøfta med foreldra/ føresette. Vedtak om flytting/ oppseiing gjerast sentralt i Læringsverkstedet, ikkje ved den enkelte barnehage, og i samråd med kommunen.

Dersom barnet vert henta etter barnehagens ordinære opningstid gjentekne gonger, kan eigarstyret vedta at barnet mister plassen. Skriftleg åtvaring skal da vere gjeven på førehand.

## 20. Endringar av vedtekter

Eigarstyret kan endre retningslinjer for drifta av barnehagen etter at endringsforslaget er lagt fram for samarbeidsutvalet til uttale. Desse vedtektene er vedtatt av eigarstyret 22.03.19.